



Hjartdal og Svartdal
TELEMARK

FOTO- OG FILMKVELD

onsdag 3.april 2019 kl 19 - 21.30
på GRANVIN KULTURHUS I SELJORD



Foto: Lars Dalen, NIBIO

Landskapsgeograf og fotograf

OSKAR PUSCHMANN

frå NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) – kjent frå NRK og diverse aviser. Oskar er ein veldig attraktiv foredragshaldar som har refotografert kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal sommaren 2018. På Granvin får vi sjå resultatet der han vil samanlikne dei gamle og nye bilda som er tekne på same stad, men med fleire års mellomrom. Dette engasjerer og inspirerer alle!



Forskar **ANN NORDERHAUG** er botanikar og landskapsøkolog. Ho er tidlegare forskningsleiar for kulturlandskap i Bioforsk (no NIBIO) og har også arbeidd bl.a. ved Høgskulen i Sogn, Fjordane og i NINA (Norsk institutt for naturforskning). Ann har arbeidd med det nordiske kulturlandskapet sidan 1970-tallet og fekk i 2005 Nordisk råds miljøpris og SABIMAS Biomangfoldpris for dette. Ho er spesielt interessert i «vern gjennom bruk» og av vinn-vinn-moglegheiter innan jordbruk, kulturlandskapsforvalting og bygdeutvikling.
Tema: «**Kva er det med kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal?**»



Filmpremiere

KULTURLANDSKAPET I HJARTDAL OG SVARTDAL

Kjente fjes og kjente stadar frå Hjartdal og Svartdal. Ein film om fortidas minne i eit aktivt og dagleg landskap! Videoarkivet AS og journalist Olav Høgetveit har sett ord, tonar og bilete til landskapet. Kom og sjå!

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark orienterer om satsinga på utvalde kulturlandskap.

Bestill & kjøp bil. på www.granvinkulturhus.no kr 100,- + gebyr. Inkl. kaffi & kaker. Ungd. u/18 og stud. gratis. Arrangør: Styret for utvalde kulturlandskap Hjartdal og Svartdal

Alle er hjarteleg velkomne!